



Lufthamnsjefen på Stord, Jan Morten Myklebust, er frå Uskedalen.

Det er populært å nytta elektronikken til å finna ut kvar båtane er til einkvar tid. Men det gjeld også for flya, seier lufthamnsjef på Stord Jan Morten Myklebust frå Uskedalen som eit apropos til eit bilete av ei kondensstripe over bygda som vi hadde for få dagar sidan. Hvis ein har lyst til å vita kva fly det er som lagar ei stripe, kan ein logga seg inn på ei nettadresse og klikka på å få opp diverse detaljar om flyet.

Nettadressen kjem her:

<http://www.flightradar24.com/65.68,6.92/4>

Myklebust seier også at det er viktig å merka seg at det er enkelte mindre fly og helikopter som ikkje visar på radarbiletet.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Stord Lufthamn